



## ÅRSMELDING FOR 2008 JØSNESET BYGDARÅD

**Årsmøtet blei halde 13.03.08.**

Forslaget frå valnemda blei einstemmig godkjent og klappa gjennom.  
Oddbjørn Fossaa - attval leiar  
Berit Skiftun Hjorteland, nytt styremedlem  
Silje Sværen, nytt styremedlem  
Kåre Hansen, attval varamedlem  
Sven Westersjø, attval varamedlem  
Solveig Bog Bouzane: nytt medlem i valnemda  
(Svanhild går ut av valnemda, Rasin blir sitjande 1 år til og Lars Reidar 2 år til).

### **På første styremøte konstituerte styret seg slik:**

Leiar: Oddbjørn Fossaa  
Sekretær: Silje Sværen  
Kasserar: Berit S. Hjorteland  
Styremedlem: Terje Bremnes (ansvarleg innkjøp) og Helga Havnerås (ansvarleg Trivselsstova)

### **ÅRET 2008:**

- Bygdarådet har hatt 7 møter
- **Ryddedag:** 4. mai. Godt oppmøte, med pølser, brus og kaffi som vanleg.
- **Jonsok-feiringa** var som ellers i Skiftu-stranda. Det var godt oppmøte, og me hadde telt oppe, felles grilling og leiker på stranda.
- **Trivselsstova:** Helga Havnerås er kontaktperson for utleige av trivselsstova.  
Tlf: 51 54 26 12 eller 419 21 013.  
Det var nedvask på dugnad 28. august. Det er vedteke innkjøp av nye gryter, samt songbøker som kan brukast av t.d. eldreklubben.

- **Frukt- og laksefesten:** Bygdarådet var med og laga stand for Jøsneset. Me selde ei rekkje Jøsnes-produkt, delte ut informasjon og hadde konkurranse med korg med Jøsnes-produkt som premie. Standen var godt besøkt.
- **Ballbinge:** Etter initiativ frå Bygdarådet ser det ut som me skal få ein ballbinge på Jøsneset i løpet av 2009. Oddbjørn Fossaa har jobba mykje med dette.
- **Jøsneset på nett:** Vår heimeside [www.josneset.no](http://www.josneset.no) har blitt veldig flott, og har mykje besøk. Den blir jevnleg oppdatert med små og store nyheter frå bygda. Bygdarådet, Ungdomslaget og Helselaget er saman om å driva sida, og det er særleg Jorunn Foss og Svanhild Hjorteland Gbada som har jobba med dette i 2008.
- **Høyringsuttale til nye ferjeruter:** I haust kom det forslag til ny ferjeruter i Hjelmeland – Ombo – Nesvik – sambandet. Me skreiv ein høyringsuttale der me m.a. påpeika dei ulempene reisande mellom Nesvik og Hjelmeland har grunna rundturane til Ombo.
- **Nye utemøbel til skuleplassen:** Det er bestilt 4 nye sittegrupper (2 til vaksne og 2 til barn) som skal vera på plass til 17. mai.
- **Andre saker me har jobba med:**
  - **Gateadresser på Jøsneset.** Det skal innførast gateadresser i heile kommunen, og Berit Hjorteland har jobba med forslag til gatenamn på Jøsneset, basert på gamle stadsnamn.
  - **Betre vedlikehald på gravplassen.** Me har klaga på at gravplassen ofte ser ustelt ut, men kyrkjekontoret skuldar på for små ressursar. Me jobbar vidare med saka.
  - **Betre vedlikehald av badeplassen på Nesvik.** Me er i dialog med kommunen om dette.
  - **Tomter for sal og hus til leige.** Bygdarådet har jobba med å få ei oversikt over aktuelle tomter for sal og ledige hus til leige, uten at det har gitt konkrete resultat i 2008. Bygdarådet kan bistå grunneigar/huseigar med praktiske ting dersom dei ønskjer det.
  - **Plassering av Miljøstasjonen.** Her er det framleis inga løysing i sikte. Me jobbar vidare med å skaffa ein god stad for å etablera ny Miljøstasjon.
  - **Kantslått langs offentleg veg.** Både langs kommune- og fylkesvegar i bygda er det eit stort problem med manglande kantslått. Me har forklart problemstillinga for kommunen, men dei kan ikkje lova snarleg betring.

*Skiftun 21.02.09 Silje Sværen*